

## Protokoll møte 01.2024 i generalforsamlinga i Sogn Sparebank

---

Møte i generalforsamling i Sogn Sparebank vart halde ved Årdal Teknologipark i Øvre Årdal, samt ved elektronisk deltaking via teams onsdag 17.04.2023 kl. 18:30.

Følgjande saker vart handsama:

### Sak 01.2024 Opning

---

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim opna møte i generalforsamlinga.

a) Namneopprop

Sekretær i generalforsamlinga føretok namneopprop, sjå vedlagt frammøteprotokoll.

### Vedtak:

Namneoppropet synte at det var 34 medlemar av generalforsamlinga med stemmerett, og generalforsamlinga er med dette vedtaksføre.

I tillegg var 7 styremedlem til stades i møte. Frå administrasjonen deltok adm. banksjef, ass. Banksjef, leiar marknad og kundekommunikasjon Ragnhild Skahjem Tofastrud og sekretær for generalforsamlinga. Ansvarleg revisor Jon Haugervåg deltok også.

b) Godkjenning av innkalling og sakliste

Møte er innkalla etter §8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemene og varamedlemane i generalforsamlinga 26.03.2024. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lova om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, innkallast av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg sendast medlemene i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemene i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som angitt ovanfor.

### Vedtak:

Det er ingen merknad til innkallinga, og saklista vart samråystes godkjent. Møtet er lovleg sett.

### Sak 02.2024 Val av møteleiar

---

Generalforsamling gjorde framlegg om at leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim vart vald til å leia møtet.

### Vedtak:

Leiar i generalforsamling, Roy Egil Stadheim, vart valt til å leia møte.

---

---

**Sak 03.2024 Val av to til å underskrive møteprotokollen saman med leiari i generalforsamlinga**

---

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Knut Arne Klingenberg og Victoria Harbakk, til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

**Vedtak:**

Knut Arne Klingenberg og Victoria Harbakk var valde til å underskrive møteprotokollen saman med møteleiar.

---

**Sak 04.2024 Val av to til å vere teljekorps**

---

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Espen Bjønnes og Britt Juliusmoen Bakk til teljekorps.

**Vedtak:**

Espen Bjønnes og Britt Juliusmoen Bakk vart valde til teljekorps.

---

**Sak 05.2024 Årsoppgjer for 2023**

---

a) Rekneskap 2023

Adm. banksjef Mads A. Indrehus og ass. banksjef Gunnar Skahjem refererte hovudtala i rekneskapen og orienterte om drifta til banken. Han viste ei oversikt over den økonomiske utviklinga i banken.

b) Årsmelding frå styret 2023

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad presenterte hovudpunktene i styret si årsmelding.

c) Stadfesting frå styret og dagleg leiari 2023

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad las opp stadfestinga frå styret og dagleg leiari 2023.

d) Eigarstyring og selskapsleiing

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad la fram rapporten: Eigarstyring og selskapsleiing frå styret 2023.

e) Revisjonsmelding 2023

Revisor Jon Haugervåg la fram revisjonsmeldinga.

#### f) Årsoppgjersdisposisjonar

Styret tilrådde generalforsamlinga å disponere årsresultatet 2023 som følgjer:

Årsresultat etter skatt	85,2 MNOK
Utbytte EK-bevis	9,5 MNOK
Utjamningsfond	2,2 MNOK
Gåveutdeling	7,5 MNOK
Sparebanken sitt fond	66 MNOK

Styret tilrådde generalforsamlinga å betale ut NOK 15,- i utbyte pr. eigenkapitalbevis for 2023.

Styret bad generalforsamlinga om fullmakt til å disponerer og dele ut avsette gåvemidlar NOK 7.500.000,- i samsvar med § 6-1 i banken sine vedtekter: Gåver skal fordelast med 34,2 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,41 % innanfor Vik kommune og 39,39 % innanfor Aurland kommune.

Dette skal ikkje vere til hinder for tildeling av inntil 30 % av gåvemidlane til allmennytige føremål i omkringliggjande områder der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføre seg.

#### Vedtak:

Generalforsamlinga handsamar styret sitt framlegg til årsrekneskap med notar, styret si årsmelding for 2023 med hovudprinsipp for godtgjersle til leiande tilsette, og utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing. Revisor si melding vart gjennomgått. Generalforsamlinga fastset banken sitt resultatrekneskap og balanse for 2023 i samsvar med innstilling. Generalforsamlinga vedtek framlagd disponering av årsresultat for 2023 i samsvar med styret si tilråding.

---

#### **Sak 06.2024 Godtgjersle til revisor**

Leiar i generalforsamlinga, Roy Egil Stadheim, gjorde greie for revisjonsrekninga i 2023.

#### Vedtak:

Honorar vert godkjent etter framlagd rekning.

---

#### **Sak 07.2024 Fullmakt til å erverve eigne eigenkapitalbevis**

Adm. banksjef, Mads A. Indrehus, la fram saka.

Styret bad generalforsamlinga å fornye fullmakta til å ereve eigne eigenkapitalbevis.

## Vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å erverve eigne eigenkapitalbevis under følgjande vilkår:

1. Fullmakta er avgrensa til maksimalt 3 % av eigenkapitalbevis med pålydande verdi på NOK 200, totalt pålydande NOK 3.795.000. Totalt tal eigenkapitalbevis i Sogn Sparebank pr. dags dato er 632.500 stk.
2. Kjøpesummen skal vere mellom NOK 140 og NOK 200 per eigenkapitalbevis. Alt sal skal skje over Oslo Børs.
3. Styret har elles friheit til å erverve og avhende eigne eigenkapitalbevis.
4. Eigenkapitalbevis erverva i samsvar med fullmakta kan berre nyttast til overføring til tilsette i Sogn Sparebank som ledd i banken sin spareordning for tilsette godkjent av styret. Eventuelle overskytande eigenkapitalbevis etter overføring til tilsette kan seljast på marknaden.
5. Fullmakta gjeld frå generalforsamlinga si avgjersle om å tildele fullmakta og fram til ordinær generalforsamling i 2025, seinast 30. april 2025.
6. Fullmakta er betinga av godkjenning frå Finanstilsynet, og skal registrerast i Føretaksregisteret.

## Sak 08.2024 Fullmakt til opptak av fondsobligasjon og ansvarleg lån

---

Styret bad generalforsamlinga om fullmakt til opptak av ansvarleg obligasjonslån og fondsobligasjonslån for å kunne dekkja eit eventuelt auka behov for soliditet i banken. Vidare bad styret generalforsamlinga om fullmakt til å heilt eller delvis innfri eksisterande fondsobligasjonslån dersom kapitalbehovet til banken etter styrets skjønn tilseier at det ikkje lengre behov for heile eller deler av fondsobligasjonslånet.

## Vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt som følgjer:

1. Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å ta opp tidsavgrensa ansvarleg obligasjonslån med rammer på inntil NOK 50 mill. med innløysingsrett etter fem år. Det er ein føresetnad at dei ansvarlege låna tilfredsstiller dei kvalitative krava til tilleggskapital og tel som ansvarleg kapital i norsk regelverk.
2. Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til opptak av fondsobligasjonslån med ramme på inntil NOK 50 mill. som tilfredsstiller regelverket for teljande kjernekapital. Generalforsamlinga gjev vidare styret fullmakt til å heilt eller delvis innfri fondsobligasjonslån innafor ei ramme på NOK 40 mill. på marknadsmessige vilkår dersom fondsobligasjonslånet erstattast med anna ansvarleg kapital eller kapitalbehovet for banken etter styrets skjønn tilseier at det ikkje lengre er behov for heile eller deler av fondsobligasjonslånet.
3. Det vert foreslått at fullmakta blir gjeve på følgjande vilkår:

- a. Styret står fritt til å tilpassa løpetid og pris etter behovet til banken og marknaden sin prising av kapital. Avgjerd om aksept av vilkår kan delegerast administrerande banksjef.
- b. Fullmakta gjeld fram til neste ordinære generalforsamlingsmøte, maks 15 mnd., eller inntil den eventuelt blir endra eller trekt tilbake ved nytt vedtak i generalforsamlinga

#### **Sak 09.2024 Fullmakt til å foreta retta emisjon**

---

Styret bad generalforsamlinga om fullmakt til kunne foreta ein eller fleire emisjonar.

#### **Vedtak:**

Generalforsamlinga mot 1 stemme gjev styret fullmakt til å auke eigenandelskapitalen i Sogn Sparebank i samsvar med finansforetakslova § 10-10 (2) jf. Allmennaksjelova § 10-14 (2) under følgjande vilkår:

1. Eigarendelskapitalen kan aukast med inntil NOK 12 650 000 ved utstedelse av inntil 126 500 nye eigenkapitalbevis, kvar pålydande NOK 100. Dette utgjer 20 % av banken sin utstedte eigarendelskapital per dato for dette vedtaket.
2. Fullmakta gjeld frå generalforsamlinga si avgjerd om å tildele fullmakta og fram til ordinær generalforsamling i 2025, seinast 30. april 2025.
3. Eigenkapitalbeviseigarane sin førerrett kan fråvikast.
4. Fullmakta omfattar berre auking av banken sin utstedte eigarendelskapital mot innskot i pengar.
5. Fullmakta omfattar ikkje avgjerd om fusjon.
6. Styret fastset dei øvrige vilkåra for kapitalaukinga, inkludert teikningskurs og tildelingskriterium.
7. Utstedelse av eigenkapitalbevis i samsvar med fullmakta er avhengig av godkjenning frå Finanstilsynet og at fullmakta er registrert i Føretaksregisteret.
8. Styret blir gitt fullmakt til å endre vedtekten § 2-2 for å reflektere ny utstedt eigarendelskapital og nytt tal på eigenkapitalbevis etter kapitalaukinga.

#### **Sak 10.2024 Vedtektsendringar**

---

Adm. banksjef, Mads A. Indrehus, orienterte om framlegget til endringar i vedtekten, og bakgrunnen for dette. Framlegga til endringar i vedtekten er basert på spørsmål og drøftingar i tidlegare generalforsamlinger. Det er og eit behov for å forenkle og tilnærma seg struktur og omfang på styrande organ og vedtekter i Sogn Sparebank tilsvarande i andre sparebankar det er naturleg å samanlikne seg med. Sogn Sparebank har per i dag omfattande og komplekse vedtekter som er arbeidskrevjande. Resultatet av nye vedtekter vil vere tilnærma det same som med dagens ordningar dagens ordningar. Komplekse vedtekter og store styringsorgan har og ei kostnadsside som ein må ta omsyn til. Etter vedtektsendringane er vedtatt må banken innhente godkjenning frå Finanstilsynet som har siste ordet i saka.

#### a) Vedtektsendring kapittel 3 Generalforsamling

Banken har i dag ei generalforsamling som er samansett av 34 medlemar. I sparebank samanheng er dette stort då dei aller fleste mindre og mellomstore sparebankar har generalforsamlingar med 17-21 medlemar. Ei mindre generalforsamling gjer

Øg arbeidet til valnemnda enklare. Framleggget til endring endrar ikkje vesentleg styrkeforholdet mellom grupper i generalforsamlinga slik tabellen under viser.

### **Interessentar Fordeling eksisterande GF Fordeling ny GF**

Kommunar	26,5 %	27,3 %
Kundevalde	35,3 %	27,3 %
Ekbevis	20,6 %	22,7 %
Tilsette	17,6 %	18,2 %

I dag har banken generalforsamlinga i den kommunen der banken har forretningsadresse og det er i Årdal kommune. Det blir gjort framlegg om å at vedtekten oopnar opp for at møter i generalforsamlinga kan haldast i dei kommunane banken har sitt forretningsområde. I praksis vil dette bety at møter i generalforsamlinga kan rullere på stad og ein kan få ein fast turnus på at møte vert haldne i dei kommunane som banken har sitt utspring etter tur.

### **KAP. 3 Generalforsamling**

#### **§ 3-1 Generalforsamling**

Sparebanken skal ha ei generalforsamling som skal sjå til at banken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lov, føreskrifter, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga er den øvste avgjerdmakta i sparebanken.

Generalforsamlinga skal ha 22 medlemer med 11 varamedlemer. Generalforsamlinga sine medlemer og varamedlemer møter personleg. Det er ikkje høve til å møta ved fullmekting eller med rådgjevar.

Leiar av generalforsamlinga har ansvar for innkalling til generalforsamlinga og valmøtet til eigenkapitalbevis eigarane. Leiar av generalforsamlinga samrår med leiar av valnemnd om gjennomføring.

#### **§ 3-2 Generalforsamlinga si samansettning**

Generalforsamlinga til sparebanken skal vera samansett av:

- Kundevalde:
  - 6 medlemer og 3 varamedlemer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-4.
- Kommunevalde:
  - 1 medlem og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Årdal.
  - 1 medlem og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Lærdal.
  - 2 medlem og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Aurland.
  - 2 medlemer og 1 varamedlem skal veljast av kommunestyret i Vik.
- Alle val i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-5.
- Tilsettevalde:
  - 5 medlemer og 2 varamedlemer skal veljast av og blant dei tilsette i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-6.
- Eigenkapitalbeviserigavalde:
  - 5 medlemer og 2 varamedlemer som skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis i samsvar med fordelinga som går fram av § 3-7.

#### **§ 3-3 Val til generalforsamlinga**

Myndige personar kan veljast som medlemer av generalforsamlinga.

Medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga skal veljast for 4 år. Minst tre firedelar av medlemane skal vera personar som ikkje er tilsett i banken.

Generalforsamlinga fastset nærmare instruks om vala.

#### § 3-4 Medlemer til generalforsamlinga valde av kundar

- (1) Sparebanken sine myndige kundar som har, og i dei siste seks månadane har hatt eit engasjement på minimum 5.000 kroner, har stemmerett ved val av kundane sine medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga i sparebanken.
- (2) Sparebanken sine myndige kundar som har, og i dei siste seks månadane har hatt eit engasjement på minimum 5.000 kroner, kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for kundane.
- (3) Kvart kundeforhold gjev ei røyst når ikkje anna følgjer av lova eller vedtektene. Ingen kunde har meir enn 2 stemmer, ei på grunnlag av eige kundeforhold, og ei som representant for annan kunde.
- (4) 6 medlemer og 3 varamedlemer som skal veljast av og blant sparebanken sine kundar, skal veljast som følgjer:

KUNDEVALDE	
MEDLEMER	
VARAMEDLEMAR	
Aurland kommune	2 representantar
Årdal kommune/Lærdal kommune	2 representantar
Vik kommune	2 representantar
Aurland kommune	1 representant
Årdal kommune/Lærdal kommune	1 representant
Vik kommune	1 representant

- (5) Val etter denne paragraf skjer på valdagar innan utgangen av februar.

#### § 3-5 Medlemer til generalforsamlinga valde frå det offentlege

- (1) Kommunestyra i Årdal, Lærdal, Aurland og Vik skal til saman velja 6 medlemer og 4 varamedlemer som følgjer:

KOMMUNEVALDE	
MEDLEMER	
VARAMEDLEMAR	
Aurland kommune	2 representantar
Årdal kommune	1 representant
Lærdal kommune	1 representant
Vik kommune	2 representantar
Aurland kommune	1 representant
Årdal kommune	1 representant
Lærdal kommune	1 representant
Vik kommune	1 representant

- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

- (3) Leiar i valnemnda har ansvar for å varsle kommunane dersom det må gjennomførast suppleringsval

#### § 3-6 Medlemer til generalforsamlinga valde av dei tilsette

Dei faste tilsette i sparebanken har stemmerett ved val av dei tilsette sine medlemer til sparebanken si generalforsamling. Adm. banksjef har ikkje stemmerett.

Dei tilsette i sparebanken kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for dei tilsette.

- (1) Dei tilsette skal velja 5 medlemer og 2 varamedlemer av og blant tilsette.
- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

#### § 3-7 Eigenkapitalbeviseigarane sin representasjon i generalforsamlinga

Eigarar av eigenkapitalbevis i sparebanken har stemmerett og kan veljast som medlem og varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representant for eigenkapitalbeviseigarane.

- (1) Eigenkapitalbeviseigarane skal velja 5 medlemer og 2 varamedlemer i eigenkapitalbeviseigarane sitt valmøte. Desse skal veljast av og blant eigarane av eigenkapitalbevis.
- (2) Val etter denne paragraf må haldast innan utgangen av februar.

ingen kan på møte for eigenkapitalbeviseigarane avgje stemmer for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalsbeviseigarar som vil delta i valet etter § 3-7 skal mælda seg i banken innan ein viss frist som skal stå i innkallinga. Fristen skal ikkje gå ut tidlegare enn tre bankdagar før valet skal haldast. Har ein eigenkapitalbeviseigar ikkje meldt seg i rett tid, kan denne nektast høve til å vera med i valet.

#### § 3-8 Innkalling til generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad kvart år. Generalforsamlinga vert kalla inn av styret. Møte i generalforsamlinga kan haldast i banken sitt forretningsområde.

Informasjon om innkallinga med saksvedlegg skal sendast medlemane i generalforsamlinga elektronisk, om ikkje anna er avtala, seinast 21 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemane på sparebanken si heimeside, gjeld ikkje lova sine krav om at dokumenta skal sendast til medlemane av generalforsamlinga. Dette gjeld òg dokument som etter lov skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

#### § 3-9 Møte og vedtak i generalforsamlinga

Kvar medlem av generalforsamlinga har ei stemme.

Avgjerder i generalforsamlinga vert fatta ved fleirtal av dei stemmer som er gitt med mindre noko anna går fram av desse vedtektena. Står stemmetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

#### § 3-10 Generalforsamlinga sine oppgåver

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjera:

- Val av leiar og nestleiar for generalforsamlinga for 2 år om gongen. Leiar skal veljast andre periode og nestleiar skal veljast første periode.
- Andre val etter lovene.
- Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga med disponering av overskot/underskot/-utdeling av utbyte.
- Andre saker som etter lov eller vedtekte høyrer under generalforsamlinga.

Vedtak om eller fullmakt til å oppta ansvarleg lån eller annan framandkapital vert fatta av generalforsamlinga med fleirtal som for vedtektsendring.

#### Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlagde endringar i «Kapittel 3 Generalforsamling» i vedtekten. Endringa trer i kraft frå neste generalforsamling og valnemnda gjennomfører endringa i samarbeid med juridisk rådgjevar

#### b) Vedtektsendring kapittel 4 Styret

Sogn Sparebank har og eit stort styre sett i høve til banken sin storleik og kva som elles er vanleg i andre sparebankar som det er naturleg å samanlikne seg med. Det er, i tillegg til dei formelle krava, andre krav som gjer valnemnda sitt arbeid krevjande. Krav til styremedlemmar i bank er aukande både på formal og realkompetanse. Det er og eit kostnadselement knytt til styret og det vil vere enklare å få til ein god dynamikk i ei mindre gruppe.

Framlegget til endring på styremedlemar er som fylgjer:

Styremedlem	Geografisk område
1	Aurland
2	Vik
3	Årdal/Lærdal
4	EK bevis
5	Tilsette
6	Uavhengig
7	Uavhengig

I dette ligg det at styret kan ha frå 5-7 medlemer. Det er tatt omsyn til representasjon frå dei gamle bankane og eigenkapitalbeviseigarane. Dei tilsette har ein lovfesta rett til representasjon og når banken har under 50 tilsette tilseier dette ein representant. Dei to siste representantane er tiltenkt særskild kompetanse som banken har bruk for og for at valnemnda kan møte krav om kjønnsfordeling. Utover dette er det gjort mindre rettingar av ord i kapittel 4 som ikkje har praktisk betydning.

## KAP. 4 Styret, revisjons- og risikoutval og dagleg leiing

### § 4-1 Styret

#### § 4-1.1 Styret si samansettning

Styret er sett saman av 5 til 7 medlemer med inntil 5 varamedlemer som skal veljast for 2 år av generalforsamlinga. Eigenkapitalbeviseigarane har 1 representant i styret og 2 varamedlemlar.

Representantar til styret skal veljast som følgjer:

STYRET	VARAMEDLEM
<b>MEDLEMER</b>	
Styremedlem føreslått frå Aurland kommune	1 representant og eit varamedlem

Styremedlem føreslått fra Årdal kommune/Lærdal kommune	1 representant og eit varamedlem
Styremedlem føreslått fra Vik kommune	1 representant og eit varamedlem
Styremedlem valgt av og blant tilsette	1 representant og eit varamedlem
Styremedlem føreslått av eigenkapitalbeviseigarane	1 representant og eit varamedlem

- I tillegg kan valkomiteen gjøre framlegg om inntil to medlemer, basert på styret sitt behov for kompetanse.
- Styreleiar og nestleiar skal veljast særskilt for 2 år. Leiar skal veljast første periode og nestleiar skal veljast andre periode.
- Dersom eit fleirtal i generalforsamlinga ikkje ønskjer ein eller fleire av dei representantar innstift av valnemnda, skal saka sendast tilbake til valnemnda for ny saksførebuing og ny innstilling.

#### § 4-1.2 Styret sine oppgåver

Styret sine oppgåver følgjer av lov og føreskrifter.

#### § 4-2 Revisjons- og risikoutval

##### § 4-2.1 Revisjons- og risikoutvalet si samansetning

Banken skal ha eit revisjons- og risikoutval som skal veljast av og blant medlemene i styret.

Revisjons- og risikoutvalet skal samla ha den kompetansen som ut i frå banken sin organisasjon og verksemd er nødvendig for å ivareta oppgåvene sine. Minst eitt av medlemene i revisjons- og risikoutvalet skal vera uavhengig av verksemda og ha kvalifikasjoner innan rekneskap eller revisjon. Styremedlemmar som er leiande tilsette, kan ikkje veljast til medlemer av revisjons- og risikoutvalet.

##### § 4-2.2 Revisjons- og risikoutvalet sine oppgåver

Revisjons- og risikoutvalet skal:

- førebu styret si oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen,
- overvaka systema for intern kontroll og risikostyring, og banken sin internrevisjon om slik funksjon er etablert,
- ha løpende kontakt med banken sin valde revisor om slik funksjon er etablert,
- vurdera og overvaka revisor sin uavhengigheit, jf. revisorlova kapittel 4, herunder særleg i kva grad andre tenester enn revisjon som er utlevert av revisor eller revisjonsselskapet utgjer ein trussel mor uavhengigheita.

#### § 4-3 Dagleg leiar: administrerande banksjef

Sparebanken skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar har tittel administrerande banksjef og vert tilsett av styret.

##### § 4-3.1 Administrerande banksjef sine oppgåver

Oppgåvene til administrerande banksjef følgjer av lov og føreskrifter.

#### Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlagde endringar i «Kapittel 4 Styret, revisjons- og risikoutval og dagleg leiing» i vedtekten. Endringa trer i kraft frå neste generalforsamling og valnemnda gjennomfører endringa i samarbeid med juridisk rådgjevar.

- c) Vedtektsendring kapittel 5 Valnemnd

Sogn Sparebank har i dag 3 valnemnder og ei sentral valnemnd og dette har synt seg å vere ein tung krevjande konstruksjon. Erfaringane den sentrale valnemnda har gjort seg dei siste åra tilseier at dette er eit område som bør effektiviserast. Leiar i den sentrale valnemnda tok dette opp på sist møte i generalforsamlinga og det vart der gitt tilslutnad til at det skulle leggjast fram framlegg til endringar. Framlegget til endringar går ut på at ein avviklar dei lokale valnemndene og har ei valnemnd for banken. Ein oppnår det same resultatet på ein meir effektiv og kostnadseffektiv måte. Valnemnda vil ha ein representant for kvar av dei gamle bankane, ein frå dei tilsette og ein frå eigenkapitalbeviseigarane.

Valnemndsrepresentant	Interessantar
1	Aurland
1	Vik
1	Årdal/Lærdal
1	Tilsette
1	EK bevis

Instruks for valnemnda vil bli justert etter at generalforsamlinga har fatta vedtak om endring og lagt fram for endelig godkjenning i neste møte i generalforsamlinga.

## KAP. 5 VALNEMND

### § 5-1 Valnemnd for generalforsamlinga sitt val

#### § 5-1.1 Valnemnda si samansetjing

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 5 medlemer, samt 1 varamedlem for kvart fast medlem for 2 år. Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga, av desse skal det vera ein representant frå Aurland, ein representant frå Lærdal/Årdal, ein representant frå Vik, ein representant valt av eigenkapitalbeviseigarane og ein frå dei tilsette.

- Leiar for den valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemene i valnemnda, første perioden.
- Varamedlem skal representera same lokale gruppe som fast medlem.

#### § 5-1.2 Valnemnda sitt arbeid

Valnemnda skal:

- Førebu val til generalforsamlinga
- Førebu val til styret
- Førebu val til valnemnd
- Førebu eigenkapitalbeviseigarane sitt valmøte
- informere kommunane om evt. behov for Suppleringsval.
- samordne innstilling frå vala til eigenkapitalbeviseigarane og tilsette
- innstille frå lokale område Aurland, Årdal/Lærdal og Vik; styremedlemer og varamedlemer til styret
- Innstille inntil to geografisk uavhengige styremedlemar
- innstille leiar og nestleiar i generalforsamlinga
- innstille leiar og nestleiar styret
- innstille medlemar valnemnd

– gi samla innstilling til alle val i generalforsamlinga  
Generalforsamlinga fastset nærmere instruks for valnemnda.

### Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlagde endringar i «Kapittel 5 valnemnd» i vedtekten. Endringa trer i kraft frå neste generalforsamling og valnemnda gjennomfører endringa i samarbeid med juridisk rådgjevar.

#### d) Vedtektsendring kapittel 6 Bruk av overskot til inndeckning av underskot

Spørsmål knytt fordeling av gåver i kapittel 6 i banken sine vedtekter har vore tatt opp i generalforsamlinga tidlegare. I ordinær generalforsamling i 2022 vart det stilt spørsmål om denne fordelinga kunne endrast. I ordinær generalforsamling i 2023 vart det lagt fram ei juridisk utgreiling om høvet til å fristille seg frå nøkkelen for gåvefordeling og konklusjonen var at dette ikkje er mogeleg. På spørsmål om lemping av dagens fordeling er det noko som kan vere mogeleg, men vil krevje godkjenning av Finanstilsynet. I framlegg til ny § 6-1 vert det gjort framlegg om å endre den frie delen av gåvemidlane frå 30 til 40%. Vidare gjer ein framlegg om at gåver som vert tildelt på geografisk fordeling som ikkje vert nytta innan same år kan overførast til frie gåvemidlar. Dette gjev styret i banken ein større fleksibilitet og høve til å dele ut gåvemidlar og ein unngår at merka midlar vert ståande ubrukta fordi det manglar gåvetiltak i det korte biletet.

#### § 6-1 Bruk av overskot

Overskotet frå verksemda til banken etter frådrag av utbyte og utdeling av gåver, skal leggjast til banken sitt fond.

Årsoverskot og utbytemidlar skal fordelast mellom grunnfondet til banken og eigarandelskapitalen. Utbytemidlar kan nyttast til utbyte på eigarandelskapitalen, til gåver til ålmennytige føremål, eller overførast til gåvefond, eller overførast til stifting med ålmennytig føremål.

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49 % innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Ved eventuell framtidig kommunesamanslåing skal noverande kommunegrense leggjast til grunn for gåvetildelinga. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 40 % av at dei utdelte gåver til allmennytige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemeld eller ynskjer å marknadsføra seg. Geografisk fordelte midlar som ikkje er nytta innan utløpet av året midlane vart vedtatt av generalforsamlinga kan overførast til gåver til allmennytige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemeld eller ynskjer å marknadsføra seg.

### Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlagde endringar i § 6-1 i Sogn Sparebank sine vedtekter.

## Sak 11.2024 Retningslinjer for godtgjersle

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad gjekk gjennom retningslinjene. Desse har ikkje vore revidert etter førra generalforsamling.

### Vedtak:

Generalforsamlinga tek retningslinene til vitande.

---

**Sak 12.2024 Rapportering av godtgjersle til leiande personale i Sogn Sparebank**


---

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad la fram rapporten.

**Vedtak:**

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

---

**Sak 13.2024 Satsar for godtgjersle**


---

Leiar i sentral valnemnd, Marta Sofie Vange, legg fram sentral valnemnd sitt framlegg til satsar for godtgjering. Sentral valnemnd tilrådde generalforsamlinga å vedta framlagde satsar for godtgjersle til tillitsvalde i Sogn Sparebank.

**Vedtak:**

Generalforsamlinga vedtok framlagde satsar for godtgjering av tillitsvalde i Sogn Sparebank.

HONORARSATSAR SGN SPAREBANK	Gjelande satsar:	Framlegg:
Gjeld frå:		17.04.2024
<b>Generalforsamling</b>		
Leiar	15.000	15.000
Nestleiar i generalforsamlinga pr. møte	1.600	1.680
Medlem pr. møte	1.600	1.680
Varamedlem pr. møte	1.600	1.680
<b>Styret</b>		
Leiar	150.000	160.000
Nestleiar i styret	105.000	110.000
Medlem	85.000	90.000
Varamedlem pr. møte	4.500	5.500
<b>Revisjons- og risikoutval</b>		
Leiar fast	40.000	50.000
Medlem fast	30.000	30.000
<b>Valnemnd</b>		
Leiar pr. møte	3.200	3.360
Medlem pr. møte	1.600	1.680
Varamedlem pr. møte	1.600	1.680
<b>Tapt arbeidsforteneste</b>	Nei	Nei
<b>Anna</b>		
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. halv dag (til 4,0 timer)	2.250	3.000
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. > halv dag (frå og med 4,0 timer)	4.500	6.000
<b>Reise/Diett</b>	Bankens eigne satsar	Bankens eigne satsar

## Sak 14.2024 Val i samsvar med lover og vedtekter

Leiar i sentral valnemnd, Marta Sofie Vange, gjorde greie for valnemnda si innstilling. Valet var leia av leiari i generalforsamlinga.

### Vedtak:

#### STYRET

##### Styremedlem

###### På val:

1 medlem for perioden 2024-2025  
1 medlem for perioden 2024-2025  
1 medlem for perioden 2024-2025  
1 medlem for perioden 2024-2025

(Aurland)  
(Årdal/Lærdal)  
(Vik)  
(tilsettevald)

Kristine Grønner Ohnstad  
Kåre Mentz Lysne  
Grethe Hjetland  
Marianne Sundal

###### Innstilt:

1 medlem for perioden 2024-2025  
1 medlem for perioden 2024-2025  
1 medlem for perioden 2024-2025  
1 medlem for perioden 2024-2025

(Aurland)  
(Årdal/Lærdal)  
(Vik)  
(tilsettevald)

Marit Løkkebø  
Kåre Mentz Lysne  
Grethe Hjetland  
Marianne Sundal

###### På val:

1 varamedlem for perioden 2024-2025  
1 varamedlem for perioden 2024-2025  
1 varamedlem for perioden 2024-2025  
1 varamedlem for perioden 2024-2025

(Årdal/Lærdal)  
(Vik)  
(EKbevis – 1. vara)  
(Tilsette)

Vibeke Rinde  
Gyda Bøthun  
Geir Stadheim Totland  
Robert Haugen

###### Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2024-2025  
1 varamedlem for perioden 2024-2025  
1 varamedlem for perioden 2024-2025  
1 varamedlem for perioden 2024-2025

(Årdal/Lærdal)  
(Vik)  
(EKbevis – 1. vara)  
(Tilsette)

Anne Kathrin Lislelid Hæreid  
Gyda Bøthun  
Magnus Johannessen  
Robert Haugen

#### STYRELEIAR

###### På val:

Styreleiar for perioden 2024-2025

Kristine Grønner Ohnstad

###### Innstilt:

Styreleiar for perioden 2024-2025

Atle Terum

#### LEIAR I GENERALFORSAMLING

###### På val:

Leiar generalforsamling for perioden 2024-2025

Roy Egil Stadheim

###### Innstilt:

Leiar generalforsamling for perioden 2024-2025

Roy Egil Stadheim

## LOKALE VALNEMNDER

### Lokal valnemnd AURLAND

#### Medlem

##### Medlem:

##### På val:

1 medlem for perioden 2024-2025

(Kundevald)

Bjørn Ebne

##### Innstilt:

1 medlem for perioden 2024-2025

(Kundevald)

Bjørn Ebne

#### Varamedlem

##### På val:

1 varamedlem for perioden 2024-2025

(Tilsetttevald)

Ragnhild Skahjem Tofastrud

##### Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2024-2025

(Tilsetttevald)

Ragnhild Skahjem Tofastrud

### Lokal valnemnd ÅRDAL/LÆRDAL

#### Medlem

##### På val:

1 medlem for perioden 2024-2025

(Kommunevald)

Sigmund Solvoll

1 medlem for perioden 2024-2025

(Kundevald)

Per Olav Lerøy

##### Innstilt:

1 medlem for perioden 2024-2025

(Kommunevald)

Kirsti Eklund

1 medlem for perioden 2024-2025

(Kundevald)

Per Olav Lerøy

#### Varamedlem

##### På val:

2. varamedlem for perioden 2024-2025

(Tilsettevald)

Krister Svein Solheim

##### Innstilt:

2. varamedlem for perioden 2024-2025

(Tilsettevald)

Krister Svein Solheim

#### Suppleringsval varamedlem:

1 varamedlem for perioden 2024

(Kommunevald)

Egil Natvik Vestrheim

##### Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2024

(Kommunevald)

Even Gundersen Vee

### Lokal valnemnd VIK

## Medlem

### På val:

1 medlem for perioden 2024-2025  
 1 medlem for perioden 2024-2025

(Kommunevald)  
 (Tilsettevald)

Marta Sofie Vange  
 Britt Helland

### Innstilt:

1 medlem for perioden 2024-2025  
 1 medlem for perioden 2024-2025

(Kommunevald)  
 (Tilsettevald)

Marta Sofie Vange  
 Britt Helland

### Suppleringsval medlem:

Medlem for perioden 2024

(Kommunevald)

Arnstein Hove

### Innstilt:

Medlem for perioden 2024

(Kundevald)

Per Aase

## Varamedlem

### På val:

1. varamedlem for perioden 2024-2025

(Kundevald)

Per Aase

### Innstilt:

1.varamedlem for perioden 2024-2025

(Kundevald)

Anne Mårdalen

## SENTRAL VALNEMND

## Medlem

### På val:

1 medlem for perioden 2024-2025  
 1 medlem for perioden 2024-2025

(Vik)  
 (Årdal/Lærdal)

Marta Sofie Vange  
 Sigmund Solvoll

### Innstilt:

1 medlem for perioden 2024-2025  
 1 medlem for perioden 2024-2025

(Vik)  
 (Årdal/Lærdal)

Marta Sofie Vange  
 Per Olav Lerøy

## Varamedlem

### På val:

1 varamedlem for perioden 2024-2025  
 1 varamedlem for perioden 2024-2025  
 1 varamedlem for perioden 2024-2025

(Aurland)  
 (EKB)  
 (Tilsettevald)

Bjørn Ebne  
 Jarle M. Teigen  
 Catrin Sandnes

### Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2024-2025  
 1 varamedlem for perioden 2024-2025  
 1 varamedlem for perioden 2024-2025

(Aurland)  
 (EKB)  
 (Tilsettevald)

Bjørn Ebne  
 Jarle M. Teigen  
 Catrin Sandnes

**Suppleringsval varamedlem:**

Varamedlem for perioden 2024 for Vik  
Varamedlem for perioden 2024 for Årdal/Lærdal

Arnstein Hove  
Per Olav Lerøy

**Innstilt:**

Varamedlem for perioden 2024 for Vik  
Varamedlem for perioden 2024 for Årdal/Lærdal

Per Aase  
Kirsti Eklund

**Sak 15.2024 Ymse**

---

Generalforsamlinga gir styret i oppdrag å greie ut § 6-1 og § 9-2 i banken sine vedtekter med føremål at desse skal verte tilnærma normvedtekter for norske sparebankar.

Sogn, 17.04.2023

Møtet slutt kl. 20:20.



Roy Egil Stadheim s.  
Leiar i generalforsamlinga

Knut Arne Klingenberg

Victoria Harbak

## Vedlegg Frammøteprotokoll

### OFFENTLEG VALDE

MEDLEMER	VARAMEDLEMER			MEDLEMER	
Tor-Bjørn Hylland	Aurland			Marit Røyrvik Eldegard	Å/L
Anita Lærum	Aurland			Olav Vikøren	V
Espen Bjønnes	Aurland			Halvor Larsen	Tilsette
Knut Arne Klingenberg	Årdal	Anne Kauppi	Årdal	Krstine Grønner Ohnstad	A
Olav Grøttebø	Lærdal			Kåre Mentz Lysne	Å/L
Roy Egil Stadheim	Vik			Grethe Hjetland	V
Marta Sofie Vange	Vik			Atle Terum	A
Victoria M. Harbakk	Vik				

### KUNDEVALDE

MEDLEMER	VARAMEDLEMER			Mads Indrehus	Adm. banksjef
Lise Berntsen	Aurland	Thomas Rastad	Aurland	Gunnar Skahjem	Ass. Banksjef
Eva Laastad	Aurland			Anette Huun Jevnaker	Sekretær generalforsamling
Bjørn Ebne	Aurland			Ragnhild S. Tofastrud	Leiar kom. og kundekontakt
Even Gundersen Vee	Årdal	Kristin Haug Hæreid	Årdal	<b>Revisor</b>	
Per Olav Lerøy	Årdal			Jon Haugervåg	
		Inger Bakken	Lærdal		
Anne Mårdalen	Vik				
Leentje van der Wal	Vik				
Bjarne Engum	Vik				
Per Aase	Vik				

### EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

MEDLEMER	VARAMEDLEMER		
Jan Olav Fretland	EK-bevis	Ole Kristian Asperheim	EK-bevis
Martin Jakob Nagell	EK-bevis		
Grzegorz Stefanski	EK-bevis		
Frode Andreas Hågvar	EK-bevis		
Asgeir Løno	EK-bevis		
Kjell Arne Vigdal	EK-bevis		

### TILSETTEVALDE

MEDLEMER	VARAMEDLEMER		
Robert Haugen	Tilsette	Leif Bungum	Tilsette
Britt Grov Helland	Tilsette	Sander Øvstetun	Tilsette
Britt Juliusmoen Bakk	Tilsette		
Krister S. Solheim	Tilsette		

## Forkortinger

Kommunevald	KO	Aurland kommune	A
Kundevald	KU	Lærdal kommune	L
Eigenkapitalbeviseigarvald	Ekbevis	Årdal kommune	Å
Tilsettevald	Tilsette	Vik kommune	V